



TUSSA

Rapport etter openheitslova 2023



Rapport etter openheitslova 2023

1. Innleiing

Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (openheitslova) har som føremål å fremje verksemder si respekt for gunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold.

Tussa gjennomfører aktsemdsvurderingar i samsvar med openheitslova. Denne rapporten gjer greie for arbeidet vi har gjort for å redusere negative konsekvensar av aktivitetane våre, eller leverandørane og samarbeidspartnarane våre sine aktivitetar, i høve til grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold.

1.1. Kontaktinformasjon

Spørsmål om rapporten kan rettast til:

Tussa
Kommunikasjonssjef Ann Kristin Einbu
Ann.Kristin.Einbu@tussa.no


1.2. Rapporteringsplikt

Tussa har hovudkontor i Langemyra 6, 6160 Hovdebygda, og er heimehøyrande i Noreg.

Tussa hadde samla driftsinntekter i rekneskapsåret 2023 på 1 366 mill. kr, og ein balansesum på 4 814 mill. kr. Tussa hadde 221 faste tilsette i 100 % eigde selskap pr. 31.12.2023. Inkludert vikarar, engasjementstillingar og lærlingar hadde konsernet 259 tilsette i 2023. Tussa er difor rapporteringspliktig.

2. OM TUSSA

2.1. Organisering og driftsområde



Tussa er organisert som konsern med morselskapet Tussa Kraft som 100 % eigar av dotterselskapa Tussa Energi, Sunnmøre Energi, Tussa IKT og Tussa Installasjon. I tillegg til dei 100 % eigde selskapa har Tussa strategiske og industrielle eigarpostar i Linja med 32,9 %, i Istad med 36 %, i Wattn med 21,9 % og Eviny Solutions med 9,9 %.

Denne utgreiinga gjeld for Tussa Kraft og dei heileigde dotterselskapa Tussa IKT, Tussa Energi, Sunnmøre Energi og Tussa Installasjon. I rapporten er desse selskapa omtala som Tussa.

Tussa sin visjon er å skape framtidretta og miljøvennlege løysingar. Tussa produserer fornybar energi, byggjer og driftar digital infrastruktur, tilbyr IT-tenester frå eige datasenter og er ein stor elektroentreprenør. Produkta blir levert primært til privatkundar og bedrifter på Nord-Vestlandet, men også nasjonalt.

Vi tilbyr følgjande produkt:

- 1. Kraftproduksjon:**
Tussa har 26 heileigde og er deleigar i 3 vasskraftverk. Kraftverka er lokalisert på Nord-Vestlandet, og har ein samla gjennomsnittleg produksjonskapasitet på om lag 821 GWh i året. I tillegg til vasskraftproduksjon har Tussa eit biobrenselanlegg. Tussa er aktør på den nordiske kraftbørsen NordPool.
- 2. Kommunikasjon:**
Tussa produserer og sel internett, wifi og TV/strøymetenester. Breibandsnettlet dekkjer søre Sunnmøre, Stryn og Stranda, og det blir bygt ut fiber til hushaldningar og bedrifter.
- 3. IT:**
Tussa leverer IT-tenester til næringslivet. Vi tilbyr skyløysingar, konsulenttenester og handelsvarer, og har eit energieffektivt og moderne datasenter. Hovudtyngda av kundane er på Nord-Vestlandet, men vi har også kundar som er lokalisert andre stader i Noreg.
- 4. Installasjon:**
Tussa leverer tenester innan dei fleste elektrotekniske fagområda som til dømes sterkstraum, svakstraum, automasjon, tele og data. Det vert levert tenester til privatpersonar, industri og næringsverksemdar på Nord-Vestlandet.

2.2. Interne retningslinjer

Tussa har rutinar og etiske retningslinjer som gjeld menneskerettar og sømelege arbeidsforhold. Retningslinjene blir reviderte kvart år og godkjent av styret i Tussa Kraft. Gjeldande retningslinjer vart reviderte og godkjent av styret i Tussa Kraft 18. desember 2023.

Dei etiske retningslinjene er kommuniserte til medarbeidarane i Tussa, og ligg tilgjengeleg for alle på Tussa sitt intranett og på nettstaden [tussa.no](https://www.tussa.no).

<https://www.tussa.no/om-tussa/samfunnsansvar/etiske-retningslinjer>

Retningslinjene skildrar korleis Tussa gjennomfører aktsemdsvurderingar og vurderer tiltak. Dei inneheld også informasjon om varslingskanalar som skal nyttast for å avdekke negative konsekvensar for menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, og korleis varslar vert følgt opp.

2.3. MÅL OG FRAMDRIFT

2.3.1. Overordna om mål og framdrift

Tussa arbeider kontinuerleg med å vurdere risikoen i eigen aktivitet og bruken av leverandørar og samarbeidspartnarar. Vi vil setje i verk tiltak for å nå måla vi har sett oss.

2.3.2. Mål for komande år

Som ein del av innsatsen vår for å kontinuerleg forbetre aktsemdsvurderingsprosessen, har vi sett oss fleire konkrete mål:

Mål	Status
Tilsetje berekraftsansvarleg i Tussa. Berekraftsansvarleg startar i stillinga hausten 2024, og får ansvar for å leie berekraftsarbeidet og arbeidet med openheitslova	Fullført
Gjennomføre aktsemdsvurderingar blant alle leverandørar med medium og høg risikoklassifisering, uavhengig innkjøpsbeløp	Starta
Vi skal auke kompetansen blant medarbeidarane om berekraft og ansvarleg innkjøpspraksis	Planlagt
Vi skal vidareutvikle aktsemdsvurderingane på bakgrunn av erfaringane vi gjer	Starta

3. AKTSEMDSVURDERING

3.1. Metodikk for aktsemdsvurderingane

Vi vurderer risikoen for at aktivitetane våre har negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold. I kartleggingsarbeidet nyttar vi ei digital plattform utvikla av Ignite Procurement AS. Gjennom plattformen får vi ei systematisert oversikt over førsteleddsleverandørar og samarbeidspartnarar. Deretter blir det gjort innleiande risikovurderingar.

- Basert på leverandørdata vert det oppretta ei fullstendig oversikt over Tussa sine førsteleddsleverandørar og samarbeidspartnarar.
- Leverandørinformasjonen blir gjort meir innhaldsrik gjennom eit tredjepartssamarbeid, der informasjon og finansielle opplysningar blir henta inn som industrikoder (NACE).
- Gjennom steg 1 og 2 får vi ei oversikt over førsteleddsleverandørar og samarbeidspartnarar med tilhøyrande leverandørinformasjon.
- Risikoevalueringverktøyet i plattformen gjer ei innleiande risikoklassifisering basert på geografi og bransje. Risikoen blir sett til «høg», «medium» eller «låg».
- Dei leverandørane og samarbeidspartnarane som blir definerte med «medium» og «høg» risiko, får tilsendt eit spørjeskjema der vi hentar inn meir informasjon. Plattformen blir også brukt til å spørje etter dokumentasjon og sertifiseringar frå leverandørane og samarbeidspartnarane våre.
- Basert på funna i punkt 4 og 5 vurderer vi kva tiltak vi skal setje i verk for å undersøke potensielle negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold. Vi vil setje i verk tiltak der grada av alvor og sannsynet for skade er størst, og vi har stor påverknadskraft for ei positiv utvikling.
- Leverandørane og samarbeidspartnarane våre vil bli involverte i tiltaka vi set i verk.

Relevante forhold i aktsemdsvurderinga av leverandørane og samarbeidspartnarane våre er mellom anna:

- Selskapet sin operasjonelle kontekst
- Selskapet sin forretningsmodell
- Posisjon i leverandørkjeda
- Type varer og tenester

3.2. Leverandørkjede og samarbeidspartnarar

Tussa avgrensar kartlegginga til førsteleddsleverandørar og samarbeidspartnarar. Tussa hadde relasjonar med 1 483 førsteleddsleverandørar og samarbeidspartnarar i rapporteringsåret. Desse er lokalisert i følgjande land/geografiske område:

Land	Tal leverandørar og samarbeidspartnarar
Noreg	1 449
Sverige	9
Danmark	6
Storbritannia	4
USA	4
Nederland	3
Irland	2
Finland	1
Austerrike	1
Tyskland	1
Estland	1
Belgia	1
Polen	1
Totalt	1 483

3.3. Resultatet av aktsemdsvurderinga

Tussa gjennomførte aktsemdsvurdering ved å sende ut spørjeskjema til leverandørar og samarbeidspartnarar som var definerte med “medium” eller “høg” risiko, og som hadde handla med Tussa for over 200 000 kroner i 2022. Spørjeskjemaet vart sendt ut i juni 2023.

Dette gav oss følgjande funn:

1. Det vart sendt ut spørjeskjema til 103 leverandørar og samarbeidspartnarar. 46 prosent av mottakarane svarte på skjemaet
2. Alle verksemdene opplyste at dei var underlagt openheitslova
3. 76 prosent av verksemdene hadde gjennomført aktsemdsvurderingar og 24 prosent var i gang med arbeidet
4. 18 prosent av verksemdene hadde gjennom aktsemdsvurderingane avdekt forhold som krevde at det vart sett i verk tiltak. 82 prosent hadde ikkje avdekt slike forhold

5. Vi gjennomførte nærmere risikovurderingar av verksemdene som hadde avdekt forhold som krevde at dei sette i verk tiltak. Verksemdene hadde gjort greie for aktsemdsvurderingar, negative konsekvensar og tiltak i offentleg tilgjengelege fråsegner, og vi fann difor ikkje grunn til vidare oppfølging
6. Vi har ikkje sett i verk tiltak blant førsteleddsleverandørar og samarbeidspartnarar i 2023

3.4. Aktsemdsvurdering av eiga verksemd

Tussa har etiske retningslinjer som gjeld medarbeidarar og styremedlemmer, og etiske retningslinjer som gjeld for leverandørar og samarbeidspartnarar. Verksemda i Tussa skal basere seg på verdiar som fremjer eit godt og trygt arbeidsmiljø, berekraft- og samfunnsansvar, etisk forretningspraksis, mangfald og inkludering. Tussa sitt omdømme og tilliten til verksemda er avhengig av profesjonalitet og høgt etisk nivå, både på forretningsdrifta og på handlingane til kvar enkelt medarbeidar. Vi driv verksemda vår i Noreg, i samsvar med lovar, forskrifter og god forretningskikk.

Tussa har eit godt arbeidsmiljø og lågt sjukefråvær. Vi arbeider systematisk med HMS, og legg til grunn at både fysisk- og psykososialt arbeidsmiljø er viktig. Likehandsaming som prinsipp er forankra i verksemda sine styrande dokument, og det er retningslinjer som sikrar at medarbeidarar ikkje vert utsett for diskriminering. Vi har regulerte arbeidstider og konkurransedyktig løn. Ut frå ei samla vurdering må Tussa kunne reknast som ein god og trygg arbeidsplass.

4. TILTAK FOR Å STOPPE, FØREBYGGJE ELLER AVGRENSE NEGATIVE KONSEKVEN SAR

Tussa har etiske retningslinjer som gjeld for alle som leverer varer eller tenester til Tussa og eksterne samarbeidspartnarar. Retningslinjene gjeld for avtalar om innkjøp av varer og tenester til internt bruk i Tussa, varer og tenester som skal vidareformidlast til Tussa sine kundar, og avtalar om leige. Dersom leverandøren nyttar underleverandørar for å levere varer eller tenester til Tussa, skal leverandøren sikre at underleverandøren også stettar desse krava.

Dei etiske retningslinjene er del av Tussa sin interne innkjøpsprosess og i avtalane vi inngår med leverandørane våre. Leiarar i Tussa har eit særskilt ansvar for å formidle og sikre at retningslinjene blir etterlevd, både i dagleg drift og når det vert inngått nye kontraktar.

4.1. Planlagte tiltak

Resultata av aktsemdsvurderingane vil vere med å avgjere kva tiltak som er eigna til å stoppe, førebyggje eller avgrense brot på menneskerettar og sømelege arbeidsforhold.

Følgjande faktorar vil påverke kva tiltak vi vurderer som mest effektive:

- Kva som er den negative konsekvensen
- Om risikoen ligg hos førstehandsleverandøren eller lenger ned i leverandørkjeda
- Kva tiltak som vil ha størst verknad

Døme på moglege tiltak er skjerpa avtaleplikter, ulike handlingsplanar eller kontraktbrot. Vi kan også samarbeide med andre for å utøve sterkare påverknad på leverandøren eller samarbeidspartnaren. Vi vil etablere rutinar for å overvake tiltaka og resultata dei fører til.

5. GJENOPPRETTING OG ERSTATNING

Det er ikkje avdekt tilfelle som krev gjenoppretting eller erstatning i rapporteringsåret.